

Arbeidet 1940
Statsråd Halvdan Koht:

19/2-40
Arbeidet - Avisar

Den nasjonale fridomen er ei trygging mot fiendskap og hat

Om alle semjas om dette, har
ein grunnlaget for varig fred.

Iegen grunn for den britiske nøytralitetskrenkinga i Jøssingfjorden.

Utenriksministerens aktuelle foredrag
I Studentersamfundet lørdag.



105719

Det var tydelig at utenriksminister K. Holt's foredrag i Studentersam-fundet lørdag kveld var imøtesett med veldig spenning og interesse. En interesse som hadde sket ytterligere ved den hendelsen i Jøssingfjorden som kringkastninga bar bud om bare noen få timer før foredraget.

Det var selv sagt overfylt hus. Folk satt på gelendere, i trappene, ja, nesten oppe på scenen. En var ikke så nøyde på plassen, når en bare fikk høre utenriksministeren.

Vi gjengir nedenfor foredraget i sin helhet.

Eg går rakt inn i den utariks-politiske situasjonen slik som han er for Noreg i dag. Det er ein situasjon så vanakeleg og farleg som vi ikkje har hatt han sia det sist var storkrig i Europa. Ja, kanskje han er enda vanakelegare og farlegare enn han den gongen var. Krigstrykke ligg tyngre og hardare over oss enn det kanskje nokon gong har gjort sia vi berga lande vårt ut or *Krigen i 1814*. Vi har denne gongen ikkje berre den faren som det verda er i krig rundt i kring oss. Det er dessuta slik at mange no roper på at det beint fram er plikt for oss sjølv å gå med i krigen. Vi hører dette rope både utafor og innanfor vårt eige land. Oppgava vår blir difor denne gongen ikkje berre å verja oss imot at nøytraliteten vår blir broten, eller koma utanom alt som kan bli rekna for unøytral politikk. Vi må samstundes verja oss imot makter som arbeider på å drive lande vårt inn i krigen.

Regjeringa ferda ut høgtideleg kunningjering om at Noreg ville halde seg nøytralt, med det same Tyskland sendte hærmakta si inn i Polen og dei to vestmaktene lyste krig mot Tyskland i dei første dagane av september som var. Regjeringa tok ikkje oppatt nøytralitetskunngjeringa da Sovjet-Russland gikk laus på Finland sist i november. Men det vart gjort klart på annan måte at Regjeringa ville fylgje nøytralitetspolitikken i det siste tilfelle også. Og

for Noreg, det gjeld like fullt for dei andre nordiske landa, Danmark og Sverige.

Likevel kan vi få høre ting sagt om oss så vi må spørja oss sjølv: har vi da ikkje rett til & vera nøytrale? Eg minner om den vidgjetne talen som Winston Churchill, den britiske marineministeren, heldt for fire veeker sia, og som det vart så mykje oppstyr om. Han skildra der alle dei ulukkene som ville koma over dei nøytrale om krigen skulle slutte med siger for Tyskland. Og på den bakgrunnen mana han dei nøytrale til å gjera skyldnaden sin etter pakta for Folkesambande og gå i hop med Stor-Britannia og Frankrike imot ågang og urett. Han la denne skyldnaden på oss nøytrale i meir endeframme ord enn ein skulle vente å høre slikt ifrå regjeringshald. Men ingen tarv vera i tvil om at han slett ikkje stod aleine i lande sitt med sjølve tanken.

I Frankrike hadde sosialistføraren Léon Blum bori same tanken fram straks med det same krigen hadde broti ut. Og da no Winston Churchill hadde tala, tok Blum det oppatt i enda kvassare form. Han heldt fram dette som han så var make-laust i verdshistoria, i det minste i nyttida, at dei nøytrale statane var på ein gong «dei som ikkje er med i krigen og dei som ein fører krigen før». Dette tykte han var så urimeleg så dei nøytrale burde skjonne det sjølve og berre

STORTINGE STAR PA SAME

LINA.

Så det er full semje mellom dei norske statsmaktene om nøytraliteten. Og det som eg såleis har sagt

SKUNDE SEG MED A KOMA MED I KRIGEN,

sjølvsagt på fransk-engelsk side.

Det same hører vi gong på gong ifrå både Frankrike og England, at det er i grunnen for vår skuld, for vår sak, dei fører krig. Jamvel da dei forkynte at dei ville hindre nøytrale skip i å føre varer frå Tyskland eller varer laga av tyske råemne, sa dei at dei gjorde det til hjelp for dei nøytrale. Så sterkt har dei biti seg fast i den tanken at det er oss dei vil verja med krigen sin.

Sjølve kan vi no vel heller kanskje ha fått den kjensla at det gjeld om å få nytta ut dei nøytrale i sjølve krigføringa, og vi kan koma til å synas — det gjeld for bæ partane, om så på svært ulik vis — at krigen ikkje blir ført for oss nøytrale, men just mot oss. Men det er ei side av saka som eg skal seiha meir om sia. No vil eg først seiha nokre ord om krave til oss om å gje opp nøytraliteten.

Eg vill da slett ikkje miskjenne den idealismen som lever både hos Léon Blum og hos mange andre, engelsmennar likså vel som fransmennar, i denne saka. Dei er imot valdspolitikk, og dei vil bygge eit Europa som blir styrt av rett, ikkje av vald. Men ein torer vel likevel setta eit spørsmålsteikn till påstande om at det er berre for oss nøytrale at regjeringane deira har gått i krig.. Dei fremste engelske statsmennene sa da straks frå fyrsten at England ville ikkje ha teki denne krigen uta det

var for di at livsinteressene til lande deira stod på spel. Og statsministren, Chamberlain, har mange gonger streka under at denne engelske livsinteressa var at ikkje ei einskild makt fekk lov å dominere helle Europa. Det er da makt-interessene vi her står framføre. Og det er sers lett å skjonne at England vil ikkje gje opp det rome det har som stormakt; det ville vera ein altfor stor nedgang for lande. Det er sant at det ville vera eit tap for dei små nasjonane òg, om ei einskild stormakt fekk gjera seg til herre i europeisk politikk, og det er sant at både England og Frankrike forkynner politiske ideal som vil

GJE SMASTATAENE TRYGGARE VILKAR

enn del som Tyskland har gjort seg til talsmann for. Men det er da ikkje den fulle sanninga at krigen berre gjeld desse ideala. Og i ein krig om maktvilkåra i Europa har småstatane ingen ting å gjera. Der skulle nøytraliteten for oss vera sjølv-gjeven.

Det var vel helst noko uvarleg av Winston Churchill å tala i den samanhengen om pliktene etter pakta for Folkesambande. For det første må vi da gjera den merknaden at krigen mot Tyskland ikkje er sett i gang etter noko vedtak av Folkesambande. Det spørsmåle som førte inn i krigen, har i det helle slett ikkje vori framlagt for Folkesambande. Og for det andre blir vi dermed minnt om korleis stormaktene, deriblant Stor-Britannia, har skuva til sides dei pliktene som pakta for Folkesambande ville legge på dem. Vi har fått det inntrykke at stormaktene oppfylte eller lét vera å oppfylle desse pliktene etter som det høvde med dei eigne interesser, og dette vār just grunnen til at småstatane i Folkesambande hausten 1938 mannjamt sa ifrå at sanksjonspliktene, skyldnaden til å gripe inn med tvangstiltak mot ein stat som braut freden, kjente dei seg ikkje lenger bundne av. Denne lausseilinga kom slett ikkje uventande eller uførebudd. Et rekke småstatar hadde vara om det alt somaren 1936, da sanksjonspolitikken mot Italia hadde lidi nederlag. Og det verste nederlage var i røynda at sanksjonane så mange gonger før slett ikkje var teknne i bruk. Her hadde stormaktene det største ansvare, og det reiser difor no berre ei klage mot dei sjølv om dei talar til oss om desse pliktene.

Det norske folke kan IKKJE KJENNE DET SOM SYND. ELLER SVIK OM DET HELD SEG NØYTRALT

i krigen mot Tyskland. Det har aldri vilja føre anna enn fredspolitikk, og dei norske statsmaktene har nytta alle høve til å seia frå om nøytralitettsviljen sin. Sjølv har eg som utariksminister greidd ut om dette mange gonger både i Storting og i Folkesambande. Det vart sagt i trontalen til Storting i januar 1938 at det måtte vera ei hovudsak for Regjeringa å halde Noreg ute i krig, og Storting viste til denne frasesegna da det i mal same år slo fast at Noreg ville vera heilt og fullt nøytralt i all krig som det ikkje sjølv vedkjente seg som ein folkesambands-aksjon. Det er ein fredspolitikk som har djupe røter i historia vår og i norsk politisk tenkemåte. Og eg strekar under at nøytralitten er ikkje for oss berre omsut for vår eigen fred. Han heng i hop med eit arbeid for ålmen fred og rettskipnad i verda, og eg trur vi har rett til å seia at det er til gagn for framvoksteren i denne leia om vi kan halde ymse område i verda ute i krig, — vi kan tene den ålmenne freden med nøytraliteten vår.

Spørsmåle kom inn på oss på ein ny måte da krigen i Finland braut ut. Prinsipielt var det ingen skilnad på Finland og Polen. I bæt tilfelle stod vi farmiføre det faktum at ei stormakt ville med vald tvinge viljen sin fram imot ein mindre stat. Det var i bæt tilfelle eit slag imot den nasjonale sjølvstendretten for mindre nasjonar. Men det er så med den menneskelege naturen at vi kjenner alltid sårast dei ulukkene som hender nærest attmed oss, og med Finland var det ikkje berre den tingan at det er eit granneland som vi frå gammalt har samhug med; men overfalle på Finland måtte vekke opp dei gamle mistankene om at Russland hadde planar mot vårt land og. På ymse måtar kunne vi da koma til å kjenne det som at Finland stridde for oss i motstande sitt mot det russiske overfalle, og samhugen i folke vårt strøypte varmt og sterkt imot det modige og våpendjerve finske folke.

Dei norske statsmaktene har likevel haldi fast på at Noreg, den norske staten, skal bi ståande ute i denne krigen òg, og ikkje legge seg opp i han. Det vil seia at Noreg skal vera nøytralt. Det er some som har sagt at her turvte vi ikkje bry oss

med noko slag nøytralitet; Russland kunne ikkje rekne det for nøytralitetsbrot om vi så gikk med i krigen for Finland, for sovjet-regjeringa hadde sjølv forkynt at ho var slett ikkje i krig med Finland, — ho berre stødde ei finsk «folke-regjering» i striden mot finske kapitalister. Eg kan ikkje seia anna enn det undrar meg at jamvel dei som burde ha vett på politikk, kan koma og seia noko slikt. Det er da

BERRE A NARRE SEG SJØLV

med høle former. Det ville vera rein illusjonspolitikk. Realiteten er da at det er krig mellom Finland og Sovjet-Samveldet, av di at det er to regjeringar for kvar sitt land som fører væpna strid mot einannan. Og slår vi lag med den eine parten, så er vi i krig med den andre, — det er ikkje til å koma ifrå.

Some meiner vi skal ta denne kriga no straks, for når Russland er ferdig med Finland, så kaster det seg over oss, og da har vi krigen like fullt. Det siste er no ikkje så skräskjert, og det synes dristig å bygge ein krigspolitikk på slik ei gissing, — preventivkrigar har ikkje noko godt ord på seg i historia. Eg skal ikkje uttala meg her om kva framtidia kan koma til å føre med seg; det er det ingen av oss som veit noko visst om. Til no har Russland aldri reist krav på noko norsk landområde, og dei barnalege menneska som trur dei skal kjøpe fred for Finland med å by fram norske hamner til Russland, dei er altfor tidleg ute.

Men når nokon kjem og fortel oss at det er ingen fare med å hjelpe Finland i krigen, — inga anna makt vil legge seg opp i det, — da må eg uvilkårlig spørja: kvar veit dei det ifrå? Det er uansvarleg å gje seg til å rettleie folk i slik et spørsmål når ein ikkje har høve til å veta noko visst om det; ein kan narre folke vårt ut i store vågespel på den måten, og dessuta kan det bli ein invit til framande makter om å passe på oss. Eg vil ikkje ta spørsmåle opp til drøfting i ålmenta; eg vil berre seia at slik som dei politiske vilkåra ligg i Europa no, — med to maktgrupper imot einannan, om så ikkje alle statane i bæt gruppene enda er med i krigen, — så er vi nøydde til å rekne med at om vi går inn i krigen, så kan enda fleire koma med.

Spørsmåle blir da om vi kan ha noka

INTERESSE AV OKKUPASJONSTØTTE, 2014
KRIGSOMRADE.

Og da bør vi likså godt fyrst som sist slå fast at slik ei utviding ikkje berre ville vera til fare for oss sjølv, men samstundes vera til tap for Finland; for det kunne gjera lande vårt til ei slagmark for dei krigførande, og det ville hindre oss i å sende den hjelpe til Finland som privatfolk no gje uta brot på nøytraliteten for staten. Difor er det sant, det som den svenske utariksministeren har sagt, at nøytraliteten er eit vilkår for hjelpe til Finland, — det gjeld for Noreg likså vel som for Sverige. Men dermed er det med det same sagt at det fins visse grenser som denne hjelpe ikkje må gå ut over, så sant ho ikkje skal føre oss utover nøytraliteten og inn på det område der krigsfaren trugar oss.

Eg veit ikkje av anna enn at den finske regjeringa har full forståing for dette standpunkte vårt og ho har ikkje bedt om at den norske staten skulle gå med inn i krigen.

Held vi nøytraliteten vår oppe, så fylgjer dermed både plikter og rettar. Det er some som meiner at sia våpenstriden i Finland ikkje formelt skal heite krig, så kan vi tolke nøytralitetspliktene våre plent som vi vil. Men det er eit grovt mistak. Det ville på nytt vera å bygge politikken på høle former, — på nytt rein illusionspolitikk. Ville vi gå vilkårleg fram i slike spørsmål, så kunne andre land med likså stor rett komme med vilkårlege krav til oss, og vi ville grava grunnen unna vårt eige rettsstandpunkt. Næl, vil vi stå på trygg grunn, så må vi i lag med nøytraliteten ta dei folkerettsreglane som er alment godkjent, og det beste vi da har å halde oss til, det er

DEI MELLOMFOLKELEGE HAAG-

KONVENSJONANE FRA 1907

om allslags plikter og rettar i krig. Fylgjer vi dem, så er vi usårlege mot alle klager. I det minste kan ingen med retta klaga på oss.

Med grunnlag i desse folkerettsreglane var det at dei finske hærfolka som kom inn over grensa vår i Finnmark, vart avvæpna og internert. Det var some som lét ille om dette og meinte vi kunne ha gjevi Finland den hjelpe å la hærfolka få koma tilbake til heimlande og ha våpna med seg. Men kva skulle vi så ha gjort om russiske hærfolk hadde komi inn over same grensa? Skulle

vi ha lati dem og få kvile seg godt ut og så gå tilbake til krigen mot finnarne? Eg truf ikkje dei som var imot interneringa for dei finske hærfolka, ville ha likt slik frigjeving for dei russiske. Men det er sjølv sagt at vi måtte gå likt fram imot bæ parpane; det ville vori uråd å forsvara noko anna. Dette er ikkje berre eit rettsstandpunkt; det er den einaste moglege politikken om ein vil halde seg utofor krigen.

Etter Haag-konvensjonane er det ikkje noko nøytralitetsbrot om ein skilde karar frivilljagt gjev seg i veg og går med i krigen på den eine eller den andre siden. Men det ville vera nøytralitetsbrot om det vårt skipa i lande det som i ein av desse konvensjonane blir kalla innrulleringskontor for hærhjelp, og det ville dessutan koma i strid med gammal norsk lov som forbud verving til framand krigstjeneste. Difor har det vori om å gjera at dei

HJELPEKONTORA FOR DEI

FRIVILJUGE

som vårt sett opp ymse stader i lande, ikkje på nokon måte kom til å sjå ut som vervings- eller innrulleringskontor, og dette er grunnen til at desse kontora har mått vera varlege med utlysing i blada. Elles har staten ingen ting å gjera med arbeide deira.

Like eins er det fullt lovleg etter folkeretten å la frivilljuge fra andre land ta vegen gjennom vårt land til krigen i Finland. Og på same måten kan varer av ymse slag, jamvel krigsmateriell, fritt få bli sendt fram til Finland gjennom lande vårt. Såleis er det mogleg å oppfylle den bøna som Folkesambande vendte til alle regjeringar om å la Finland få materiell og humanitær hjelpe. Slik hjelpe har vori sendt beinveges ifrå Noreg, i fullt samsvar med godkjent folkerett, og somt har gått gjennom Noreg frå andre land. Derimot ville det vera folkerettsstridig om det kom hærflygje i hop med krigstilfange, og om regelrette hærflokkar la vegen gjennom lande vårt. Vi kunne gje løye til det etter pakta for Folkesambande; men da går vi utover den strenge nøytraliteten og bygger politikken vår på nytt grunnlag. Eg seler ikkje meir om dette, eg berre peiker på det til ettertanke.

I all den krigen som går for seg, er det da norsk politikk å halde landet nøytralt, utover krig. Det seler seg sjølv at dette er ikkje gjort berre med å forkynne nøytraliteten; ein må stå ferdig til å verja han og, så

han ikkje skal bli broten av dei maktene som er i krig.

DET ER DETTE VI HAR FORSVARE VART TIL,
og det var til slikt bruk vi måtte sette forsvar i stand. Nei veit vi alle rekna med og kunne bu oss på, så var var ikkje forsvar vårt såleis i stand som situasjonen kravde, og vi må da husse på at om somt av det som hende, var slikt som vi kunne ha rekna med og kunne bu oss på, var det andre ting som kom heilt uventadt på oss. Etter den store verdstahde på oss. Etter den store verdskriga som sluttar for tjue år sidan, tygde ein tidbok da alle vona på og arbeidde for ein mellomfolkeleg fredsskipnad som skulle hindre ein ny katastrofe av same slage. Dei nye statsmaktene tok konsekvensen av denne politikken, og dei freista bygge eit forsvar som skulle vera så billig som råd var, så alt det kulturelle reisningsarbeide skulle få del beste vilkåra. Det kunne vera ulike meininger om kor mykje ein skulle koste på hær og flåte; men dei fleste ville i det minste at det ikkje skulle stile på høgare mål enn å vera ei vakt om nøytraliteten, og at skulle ein setta si lit til ei framsynt utariksstyring som i god tid skulle varsle når krigsfare meldte seg.

Det er no ikkje så lett å vera framsynt. Den som har arbeidd noko med historiegranskning, veit at ein lærer av historie kor vanskeleg det er å spå; mest altting hender annleis enn ein ventar. Og for min part har det hondt meg at eg har spådd både rett og gale. Kan eg rose meg av at noko av det eg har sagt om framtidia, har segt til, at må opp vedga at andre ting har det gitt heilt motsatt med.

Det høvde såleis til at nett på den tida og med utarkansler, tok det til med nye kriser i den europeiske politikken. I 1935 kom Etiopia-kriken og sanksjonane mot Italia. Da var det mange som spådde at desse sanksjonane ville føre oss ut i ein stor europeisk krig. Det trudde ikkje eg noko på, og eg fekk rett. Men så kom den spanske borgarkrigen i 1936, med all innblandinga i frå framande makter. Da vart det farlegare, og i november det året, da det ei stund såg ut til at non-intervensjonskomitéen i London skulle ryke, da skreiv eg til forsvarsministeren og sa at vi måtte

I dag kan det høres rart ut at dei maktene som ein den gongen venta skulle koma i krig med ein annan, det var Tyskland og Russland. Og så det var så mykje snakk om at dei ville føre krigen sin opp om norsk Finnmark, så skreiv eg at det først og fremst galdt om å styrke nøytralitetsverne der nord. Dette gav opphavet til den første ekstraordinære forsvarsløvvinga, som elles Regjeringa tok på eiga hand uta frelegg for Stortinget; det var både krigstilfeng og borgarlege forsyninger som vart sendt til Finnmark.

Så kom andre kriser, og kvart år vart det gjevi nye omframlovgivningar til forsøre, samstundes med at dei ordinære løvvingane auka. Eg trudde i grunnen heile tida at ein skulle greie seg igjennom krisene ute i krig, så eg kan ikkje seiu eg var nokon sæleg varm forsvarsvenn. Men eg ville da vera med på at vi budde oss mot krig på rimeleg vis, og eg tykte fredsvonene minka meir og meir. Da krisa mellom Tyskland og Tsjekkoslovakia kvesste seg til utetter året 1938, kom eg til slutt så langt ned så eg rekna berre 60 mot 40 for fredleg utgang; ja ein dag sette eg jamvel berre 50 mot 50. Men det var nett den dagen München-forliket kom i stand og berga freden ei stund til.

Chamberlain trudde den gongen at han hadde vunni «fred for vår sattled», og mange andre trudde det same. For min part såg eg kaldare på det. Eg var glad for at det ikkje hadde vorti krig, og eg verdsatte den personlege krafta Chamberlain hadde sett inn for freden; men eg måtte peike på at han hadde lati ein annan stat betala for freden, og eg sa berre at vi fekk i det minste vone på at forlike ville halde.

Det heldt ikkje så mykje som eit halvt år; i mars 1939 kom den nye tsjekkoslovakiske krisa. Da gav eg opp all vona for freden, først og fremst for di eg såg at no var

og kappvæpninga auka på med uhyggelege fart. Da spadde eg krig til september, og eg rådde til at alle forsvarsløvvingar skulle bli nytta til slikt som fort kunne vera brukande, — eit råd som òg vart fylgt.

Krigen kom i september, og nøytralitetsverne måtte ut. Men så kom dessutan den finske krisa, og den trudde eg ikkje skulle føre til krig. Det misrekna eg meg i, og eg må berre få nemne at jamvel dei som stod hendingane mykje nærare, misrekna seg på same måten. Men det som var viktigare, det var at helle forsvarspolitikken vår i hovudsaka hadde bygd på den iføresetningen at nøytralitetsverne skulle vera eit sjøvern langs med havstranda vår, og no meldte faren seg likså vel på landsida. Det sette nye krav til forsvere vårt, krav som ein før ikkje hadde rekna med, og difor var det så altfor mange holde no måtte til å fylle, — nøytralitetsverne fekk vidare oppgaver enn ein før hadde tenkt seg.

Eg skal no ikkje gå nærare inn på koss vi har skipa og nytta nøytralitetsverne vårt i desse krigsmånadene, smart eit halvt år. Eg har berre vilja peike på den oppgava som utanriksstyringa hadde i dette spørsmålet, og på det som var rett eller rangt i domen vår om framtidia. Det faktiske er at vi budde oss si godt vi kunne på dei farane vi ottas for, og som i røynda kom. Men så hendte det dessutan ting som vi ikkje hadde venta oss og som vi difor var lite budde på, — det tvinga oss til nye tiltak etter nye planar. I alle tilfelle var no forsvere vårt ikkje meint til anna ein nøytralitetstvern, og helle forsvarsskipnaden vår var forma etter dette formålet. Det kan vera nytlig å høge på for dem som no lettlynt talar om å gå med i krig utelands. Vi vonar vi skal ha styrke nok til å verja vårt eige land; men

KRIGSHJELP TIL ANDRE LAND KAN EIN IKKJE VENTE AV OSS.

— slik ein tanke kan ikkje ha rom i praktisk norsk politikk.

Frivilljagt vil vi ikkje gje opp nøytraliteten vår, — det er eit fast grunnlag for politikken vår i denne tida. Men så lange det er krig rundt i kring oss, kan det alltid vera ein fare for at vi mot viljen vår blir drivne inn i krigen. På førehånd brukte eg å seia at på ein måte ville faren i så måte bli større, og på ein annan måte mindre, enn han var i den førre verdskriga. Det ville bli mindre fare, meinte eg, for at nokon stat ville freiste nytte landområde vårt for militære formål, til støe for krigstiltak imot motparten. Eg rekna med at krigsteknikken no hadde nådd så høgt så dei som førte krig i grannelage vårt (eg tenkte særskilt på krig mellom England og Tyskland) kunne nå kvarandre godt nok om dei ikkje tok omvegen om vårt land, og difor ikkje ville ha bruk for å setta seg fast her. Og dette har til no sanna seg. Derimot meinte eg faren ville bli større for oss ut ifrå handelspolitiske omsyn, krav som dei krigførande ville setta til handelssamkvemme vårt med motparten. Og dette òg har sanna seg. På ulike måtar har kvar av partane i krigen gjort freistnader på å få oss til å bryte — meir eller mindre — samkvemmet vårt med den andre parten og dermed drive oss ut or den nøytraliteten vi ynskte halde oppe. Det kom frå fyrsten sterkest fram i den franske og den engelske pressa, der dei skreiv om at vi burde slutte med å sende jernmalm og andre slike metall til Tyskland, og dei ville jamvel ha oss til å forby tyskane å føre den svenske malmen frå Narvik fram igjennom norsk farvatn. Og no nyleg har den tyske pressa teki til å skrive om at vi burde gje opp all skipsfart på England.

Vi ynsker ikkje å la oss nytte ut i ei økonomisk krigsfiring. Straks i dei fyrste dagane etter krigen hadde broti ut, sette den norske regjeringa opp den grunnregelen for seg at ho ville halde

HANDELEN OPPE I NORMALT**OMFANG**

6

med alle dei landa som var i krig, og alle dei nordiske landa tok opp denne regelen. Det kan vera verdt å streka under at etter allmenn nøytralitetsrett var ikkje noko land pliktig til å avgrense handelen sin på den måten; etter godkjent folkerett skulle eit nøytralt land ha rett til å drive handelen sin med krigførande land plent etter eige tykke, auke han eller minke han etter det som høvde best for det nøytrale lande sjølv. Ein kunne nok seia det ville vera unøytralt om eit land som var utafor kriga, nekta å handle med krigførande land på den eine sida, og i pakta for Folkesambande var slik handelssperring gjort til ein av dei sanksjonane som kunne bli nytta mot ein fredsbrytar-stat. Men når det ikkje var spørsmål om noko slikt, så hadde det nøytrale lande full rett til å handle med kven det ville. Dei nordiske landa forkynte likevel på førehand kose dei ville stelle seg med handelen sin, og dei sette da opp regelen om den normale handelen, slik som han var i fredstider. Dei hadde i friskt minne alle vanskane frå den fjerre verdskrigen, da dei krigførande på alle måtar ville tvinge dem til å ha så liten handel som mogleg med den andre parten. Vi meinte vi stod tryggast når vi straks på førehånd sa ifrå at ingen skulle tra vi ville drive handelen unaturleg høgt opp berre for pengevinningen. Og vi hadde den gleda at både dei krigførande partane i prinsippe godtak regelen vår. Nett i desse dagane held vi på og gjer opp avtalar som bygger på dette prinsippe.

Men om prinsippe såleis er godkjent, så grip likevel dei krigførande maktene inn i handelen vår på ymse måtar. Vestmaktene, serleg da Storbritannia, legg seg ut om å kontrollere at vi i sanning gjennomfører regelen vår, og dei tek difor og rannsakar dei skutene som skal til Noreg, så dei kan vera trygge på at vi fører heim berre dei varene vi sjølv treng, og ikkje varer som skal til Tyskland. Ja, for dette formålet har dei jamvel tekt seg rett til å rannsaka brev og annan post som skal til Noreg, enda dei sjølv har skrivlunder på avtalar som forbud slikt.

Alt dette er plagsomt nok; skutene våre kan bli seinka i vekavis eller jamvel i helle månader, og postrannsakinga er betnt fram traktatstridig, så den har vi mått

PROTESTERE KVAST IMOT

Dessutan har vi mått protestere imot at engeismennene vil rannsaka skutene når dei er på ferd bort ifrå lande vårt og til andre nøytrale land. Rannsakingsretten for dei krigførande er elles fest til striden imot kontrabandeførsel. Men det er greitt at det vi sender vest over have herifra, det kan ikkje vera kontrabande; for det kan ikkje vera eslatt til noko land som England er i krig med. Slik framferd kan vi da ikkje godkjenne.

Men enda verre er den måten tyskane går fram på. For dei går ut på å stenge for all handelen vår med England, med di at dei legg ut miner i sjøen eller skyt i sokk dei skutene som går til England. Det er lovleg etter folkeretten å legge ut miner når ein berre forkynner kvar dei er utlagt, og når ein lagar den slik at dei ingen skade kan gjera om storm eller straum slit dem laus ifrå den plassen der dei er utlagt. England har også lagt ut miner, og jamvel some nøytrale land har gjort det. Men tyskane seier — trass i at dei har godkjent prinsippe om normal handel — at dei vil stenge for all fersel på England og at dei nøytrale må rekne alt farvatne kringom England for fare-område, så dei aldri der får kjenne seg trygge. Tyskane seier at det er krigshjelp til England å sigle dit bort, og nøytrale som gjer slikt, må finne seg i å bli medfarne som dei var i krig.

Det fins

IKKE NOKO RETTSGRUNNLAG FOR SLIK FRAMFERD

Og grunngevinga har ingen ting med folkerett å gjera. Tyskane seier at det er berre naturleg repressalias for di England og Frankrike freistar stenge all utførsla frå Tyskland til land på andre sida have. Men det er klart at det fins ikkje noko samsvar her mellomslag og motslag. Vil Tyskland halde oppe grunnregelen om normalt varebytte mellom krigførande og nøytrale, — ein regel som det sjølv har vinning av å halde oppe, og som England godkjenner for handel og skipsfart mellom dei nordiske landa og Tyskland, — så må Tyskland la vera å freista på å hindre den nøytrale skipsfarta på England. Det må gje opp alt som må kjennas som krig imot dei nøytrale.

I det snau halve åre kriga no har vart, har Noreg mist nokre og færti skip i krigsforslis. Eg gjev ikkje noko heilt -nøye tal, for det fins nokre skipstap som det ikkje er fullvisst om kriga eller andre ulukker er skuld i. Men i det minste 42 skip er det heilt visst at kriga har sydelagt for oss. Reknar vi dette om i tonnasje, så kjem vi opp i om lag 95,000 tonn. Det vil seia gode 2 prosent av helle den norske handelsflåten. Ein annan liten nøytral stat, men stor sjøfararsasjon liksom den norske, — Hellas, — har tapt etter måten enda meir i kriga, — 3 prosent av flåten sin. Når ein så samfører dette med kva dei krigførande har tapt, — Storbritannia 3 prosent og Frankrike 2½ prosent, — så ser ein kor hardt det har gått ut over den nøytrale skipsfarta. Og vi har ikkje berre mist skip; vi har mist menneskeliv og. Om lag 280 nordmennar har sett live til i desse krigsforslisa.

Når vi så spør om kven som har

MESTE SKULDA FOR DESSE KRIGSFORLISA,

så må vi vedgå at i dei fleste tilfelle har vi ikkje trygge prøy som kan avgjara spørsmåle. For dei fleste skipa har rent på miner i sjøen og på den måten vorti sydelagt, og då kan vi ikkje seia for visst kven som hadde lagt ut desse særskilde minene. For storparten av desse minesprengningane har gått for seg, utafor dei mine-områda som vi har fått kunnigering om. Anten har da skipa våre komi inn på mine-utlegg som ikkje har vori kunngjort, og det ser ut til å finnas ymse slike små mine-område, særskilt i farvatna kringom Storbritannia. Er dette rett, da er vi nærmast nøydde til å tro at det er tyskane som har lagt ut desse minene. Eller så kan det vera spørsmål om lausrivne drivminer. Men da er vi heilt på det uvisse; for både partane skuldar kvarandre for å ha lagt minene sine ut så uavarleg så dei både kan slite seg laus og dessuta vera like sprengfarlege som før når dei driv i kring. Difor er det ikkje lett for oss å gjera noko ved slike minesprengningar.

Mange folk er no huga på å tro at straks det kjem melding om eit krigsforsl, så må det vera torpedering som har gått for seg. Og mange

KRITIKKLAUSE

med å nyte orde torpedering, lenge før det fins noko grunnlag for å tenke at det forliste skipe i sanning har vorti torpedert eller på annan måte skoti i søkk. Ja, det har hendt at nymeldings-kontor i London har sendt ut påstand om torpedering uta nokon ting var kjent om årsaka til forlse, og slikt har så kunna bli teki oppatt og oppatt, tydeleg med det formåle å egge oss opp imot Tyskland. Sanninga er at det til no berre er 7 eller 8 tilfelle der vi trygt kan tala om norsk skip har vorti torpedert. Halvparten av dei skipa det her gjeld, har gått i fart på England med varer som tyskane reknar for krigskontrabande. Tyskland har dess verrevida ut kontrabande-omgrepe reint urimeleg, og det har vi gjort føreteljing om hos den tyske regjeringa. Men på ein måte kan da tyskane forsvara desse torpederingane etter folkeretten. Det blir da berre 4 greie tilfelle tilbake der tyskane har skoti norske skip i søkk i strid med folkeretten; — det er anten skip som har vori på ferd fra nøytral til nøytral hamn, eller skip som gikk i ballast til England. For 3 av desse tilfellene, der vi har fullgode opplysningar om framferda, har vi sendt fram protestar til Berlin. Det 4. tilfelle fekk eg først fullvisse for i går, for resten gjennom beinveges melding fra den tyske regjeringa; her har vi fullt grunnlag for protest. Og så har vi ei 3—4 tilfelle til, der det kan vera mistanke om torpedering; får vi greie prov for dem og, så vil vi like eins protestere.

Det hører i det heile med til forsvare for retten, & protestere klart og sterkt kvar gong nøytralitetsrettane blir krenkt. Kanskje vi sjeldna får sett rettskrave vårt igjenom i gjerning; men det er likevel viktig å halde det oppe, — det hjelper til & halde rettstanken levande i det mellomfolkelege live nett når krigen held på og vil tyne han.

Eg har nemnt her ymse slag krenkingar eller overgrep mot nøytraliteten vår som vi har protestert imot, — at posten vår blir ransaka, at utførla vår til nøytrale land blir kontrollert og hemma, at skipa våre blir skotne i søkk. Imot alle slike krenkingar kan vi ikkje gjera anna enn protestere, vi kan ikkje setta oss til motverje med makt. Om vi skulle væpne handelsskipa våre til forsvar, så ville minst ein av dei krigførande

— Tyskland — kanskje del andre og, rekne det for eit tiltak til forsvær imot lovleg kontrabandekontroll og ta det som grunn til å skyte slike skip i søkk. Vi er nøydde til å vera frødelege og ikkje gjera motstand. Protesten blir i slike tilfelle det einaste våpnet vi kan nytte.

Men det fins eitt slag nøytralitetskrenkingar som vi har både rett og plikt til å

Så hadde vi historia i går kveld med dei britiske jagarane som trass i norsk åtværing gikk inn på norsk sjøområde og mytta våpenmakt imot det tyske statsskipet «Altmark». Der kunne vi ikkje setta makt imot nøytralitetskrenkinga for vi hadde altfor stor overmakt imot oss, — ei heil samling av britiske jagarar imot små torpedobåter. Det er den grovaste nøytralitetskrenkinga lande vårt har vori ute for i denne krigen, og vi har straks i dag protestert kvast imot ho hos den britiske regjeringa.

Det er greitt at om vi i dette tilfelle ikkje greidde verja nøytraliteten vår, så har ikkje dermed den staten som leid skaden — Tyskland — fått nokon rett til å sende krigsmakt i veg og føre kriga inn på vårt sjøområde. Eg har ikkje heller hørt noko om at den tyske regjeringa, skulle ha noko slikt i tankane. Men eg nemner dette for di franske og engelske blad har sagt — og teki det oppatt gong på gong — at deira regjeringa har fått rett til å gjera noko slikt; for dei vil ha det til at Tyskland har nyttet det norske sjøområdet for si krigføring.

Det som det her er spørsmål om, det er tre krigsforlis som gikk for seg innafor eller tett utafor det norske sjøområdet i første hevta av desember. Det var to britiske og eitt gresk skip som gikk for det, og straks vart det sagt at dei var torpedert av tyske u-båtar, — våre eigne blad gjorde stor skade for oss med å rope ut straks at så var det. Vi har granska etter det beste vi har kunne av kva sanninga var med desse tre forlisa. Det syner seg at to av dem kan likso gjerne ha gått for seg utafor som innafor nøytralitetsgrensa vår. Og ikkje i noko av dei tre tilfellene har vi funni prov for torpedering. Den tyske regjeringa for sin part nektar plent at nokon tysk u-båt var på ferde på dei kantane på den tida. Det skulle da ikkje være nokon fullgild grunn til å skulde tyskane for å ha skota desse tre skipa i søkk, og enda mindre grunn til å seia at ikkje Noreg kan verja området sitt mot nøytralitetskrenkingar.

I denne samanhengen er det verdt å minne om at da den britiske regjeringa godkjente nøytraliteten vår i denne krigen, så gjorde ho det i den forma at ho sa ho ville respektere nøytraliteten

SETTA OSS IMOT MED MAK

så framt vi kan. Det er krenkingar imot sjølv riksområde vårt. Og dem har vi hatt rett mange av. Det som ofte har hendt, det er at fly fra dei krigførande statane — fra Storbritannia, Tyskland og Sovjet-Samveldet — har flogi inn over grensene våre, jamnast ute i havet, men somtid helt inn over land. Hadde slike fly komi inn på slike stader der det låg norske orlogsskip eller vi hadde festningar med kanonar, så kunne vi gjerne skyte på dem — det ville vi ha lovleg rett til — eller jaga dem bort med makt. Dette har det aldri vore høye til; for det meste i det minste har vi først etterpå fått kunnskap om at flya hadde vori innafor grensene våre, og da har vi mått nøyast med å protestere. Den britiske regjeringa har da svart med å be om orsaking, og det same har sovjet-regjeringa gjort, — ho var jamvel svært snar til å gi slik orsaking. Den tyske regjeringa har svart at fly-førarane hennar meinete dei ikkje hadde komi inn over dei norske grensene. Men ho har greitt sagt ifrå at det er viljen hennar å respektere grensene våre. Svært alvorlege har da desse krenkingane ikkje vori; ein må helst rekna dem for mistak. Det er mest av omsyn til prinsippe vi har mått protestere.

Verre er det om

ORLOGSSKIP FRA DEI KRIGFØRANDE

grenker sjøområdet vårt. Dei kan godt koma innafor det, — det er inga krenking berre i det. Men det er visse reglar om gjennomfart og oppholdstid og anna framferd som dei må fylge og som vi sjølv må akte på. Vi har hatt historia med det tyske priseskipet «City of Flint» fra Amerika som vi til slutt tok ifrå tyskane og sette fritt for di det la seg føre i norsk hamn. Tyskane protesterte først, men ga' znart opp protesten; for vi hadde retten på vår side, vi fylgde almenne folkefetsreglar.

SA LENGE SOM TYSKLAND**GJORDE DET**

Vi likte ikke denne forma; men engelsmennene la ho sjølv ut på den måten at ho skulle seia at om tysk nøytralitetskrenking tok seg oppatt, såleis at det dermed synte seg at Noreg ikke kunne halde opp nøytraliteten sin, så ville England ha rett til å gripe inn mot slik krenking jamvel innafor gresene våre.

Nå kan eg ikke seia at eg godkjennar slik ein synsmåte. Så lang ei sjøstrand som Noreg har, så kan det altfor lett hende at ei framand krigsmakt kan krenke nøytraliteten vår, og ho kan jamvel — som det just no har synt seg — stige fram med slik overmakt så vi i eit einskilt tilfelle ikke kan setta oss til motverje. Vi har sett at jamvel det mektige England ikke har kunna hindra framand krigsmakt i å bryte seg inn på britisk sjøområde, jamvel inn i britisk hamn, og gjera skade der. Langt meir kan slike hende i Noreg. Men det kan ikke vera noko god rettssetning at om ein valdsmann bryt seg inn og krenker meg, so skal ein annan valdsmann dermed ha rett til å gjera det same mot meg. Det er da ikke offere for eit forbrot som skal bli straffa.

Nå, dette er no enda berre teori. For ingen har rett til å seia at vi har mått tåla tyske nøytralitetskrenkingar innafor sjøområdet vårt. Til no har berre britiske orlogsskip krenkt nøytraliteten vår, og vi vil protestere imot at dei dermed har gjevi Tyskland ein rett til å gjera det same.

Av ait dette ser ein — mest altfor klart — at nøytralitet er ikke det same som å sitte passiv og berre sjå på at dei andre slåss. Tvert imot —

NØYTRALITETEN ER EN STENDIG**STRID**

for retten. Og det er ein strid som ikke berre blir ført til verje for oss sjølve. Det er ein strid som er til vinning for alle folk både no og i framtida. Kvar einaste stat kan komma i den stillinga at han må verta nøytraliteten sin, og da har han gagn av at rettane for dei nøytrale blir holdne oppe fast og fylgje-strengt.

Nøytraliteten er ikkje heller det same som at vi er likessle med den krig som andre fører. Det er sjøl-sagt at vi er djupt og sterkt interesaert både i dei motsetningane som har drivi fram kriga, og i den utgangen kriga kan få. Vi har kanskje ikke så mange her i landet som har sjølvstendige breie kunnskaper om utenrikspolitiske spørsmål; vi har ingen tradisjon hos oss i utenrikspolitisk tenkning, på det området er vi eit ferskt folk. Men vi har full rett til å drøfte alle dei spørsmåla som kriga reiser, og gjera oss opp ei mening om dem. Ja, det er i grunnen ei plikt for oss å tenke igjennom desse spørsmåla, og ta standpunkt til dem. Det er inga nøytralitetsplikt for oss å tele stilt med kva vi tenker. Det einaste som vi i så måte kan seia er plikt for oss, det er å

FREISTA FORSTA ALLE PARTANE

i striden, så vi dørmer rettvist om dem ut ifrå deira eina føresetningar. Men jamsides med dette kan vi halde oppe våre eigne rettstankar, våre eigne ideal.

Den sterkeste interessa vår må vera at ein smart kan nå fram til fred og at denne freden kan bli varig og rettferdig. Det vil seia: varig kan han ikke bli uta han er rettferdig. Og nett for di vi sjølve er ein liten nasjon som ynskjer å leva sitt sjølvstendige liv, så er det eit naturleg krav hos oss at freden må gje alle nasjonar det sjølvstende og det livsromme som dei må ha rett til.

Alt samfunnsliv — både innafor den einskilde nasjonen og i tilhøve mellom alle nasjonane, bygger på eit kompromiss mellom sjølvstendekrav og viljen til samarbeid. Eit fritt samarbeid skulle i grunnen vera eit vern for det nasjonale sjølvstende, og den nasjonale fridomen skulle vera ei trygging mot fiendskap og hat. Kunne alle nasjonane skjyne dette og semjes om dette, da ville vi ha grunnlag for ein varig fred på jorda.

Det er ei særakild gjerning for dei nøytrale nasjonane å halde denne tanken opp i lyset og arbeide for han etter evne. Kan dei, av di at dei er nøytrale, gjera noko for ei almen folkeforsamling på dette grunnlag, da er dei i sanning med og bygger framtida.

Eg kjenner av mange syrgjelege roynsler alle dei vanskane som reiser seg i vegen for alt slike strev for fred og rett. Men eg trur det er plikt å aldri gje opp dette streve, men freigte alltid — på nytt og på nytt — å brøyte veg for fredstankane. Ein gang må dei vinne, om ikke kulturen vår skal gå til grunns.

Formannen takker.

Etter föredraget som ble mottatt med langvarig og hjertelig bisett, holdt formannen, Finn Meland, sein takketalen. Han var glad for at utenrikministeren hadde valt Studentersamfundet som forum for ein utgreling om landets utenrikspolitikk, en utgreling som nok ville gå gjennom kringkasting og presse ikke bare i vårt land men langt vidare. Vi ønsker alle at vi må bli spart for kriga, og det er godt å ha en man med hr. Kohts innstilling i spissen for vår utenrikspolitikk i den skjebnetimen vi nå lever igjennom. Jeg bringer Dem styrets og Samfundets hjertelige takk, sluttet formannen og publikum støttet seg til ved nytt, sterkt bisett.

Ordskiftet.

Kaptein Rode var først i ilden. Han beklaget at verving av frivillige til Finland var forbudt etter en lov vi fikk i forbindelse med borgerkriken i Spania. Hæretens befalingsmann nektes avskjed så de kunne reise til Finland som ledere for de norske frivillige. Dette er formalisme, mente br. Rode. Hvorfor kan ikke vi gå like langt som Sverige. Svenskene støttet av all kraft Finland aktivt uten å komme i konflikt med nøytraliteten. Mens der i Sverige avverteles etter frivillige, må en her i Norge ikke arbeide offentlig med denne saken. Om våre offiserer fikk hove til å reise til Finland, kom de straks tilbake om vårt land kom i krig, og de kom da heim med erfaring. Taleren henstilte til utenrikministeren å ta disse spørsmålene opp til fornøyde overveieloe.

Lektor Sten hevdet at kriga i dag var en krig mellom motertykt skytier og bestialisk vold. Taleren tomtierte i seg dei, men konkuderte med å erkläre seg enig i regjeringens politikk, som gikk ut på å gjøre alt for å holde Norge utanfor kriga.

Koh t uttalte at han ikke kunne si i detalj, men overfor hr. Røde mattede han korrigere en misfortståelse. Det forbudet mot verking som ble satt i kraft under den spanske borgerkrigen, støttet seg på bestemmelser i straffeloven av 1902, og dette forbudet gjaldt ikke nå. Norge hadde svart Sovjet at vi ikke ville gi officerer rett til å gå i krigen i Finland. Vi har så få aktive officerer i tjeneste nå at vi trenger alle selv. Sverige har tolket sine nøytralitetsplikter på en annen måte enn vi. Framtida får vise hvem som har rett.

Overrettsaakfører Andersen spurte om det var tillatt for frivilligkontorene å avertere at de som ville melde seg som frivillige, kunne melde seg der.

Koh kunne svare at den avertering som hittil hadde vært, neppe var i strid med straffeloven ellers hadde lederne sikkert nå vært satt under tiltale.

Rådmann Gundersen fant det ganske urimelig at ett eller flere tilfeldige nøytralitetesbrudd skulle avgjøre vår stilling. Selv om England og Frankrike før har gjort lignende overgrep som de vi har sett diktaturstatene gjøre nå i vår tid, så kan vi likevel ikke undskydde dette grove maktmisbruk.

Redaktør Langhelle: Englerne opptrøden i Jæsingfjorden oppfattes som grov nøytralitetekrenkelse, men er ikke det å føre fangetransport innanfor norsk territorium også nøytralitetekrenking?

8

Mange av talerne diskuterte sosialt og kulturelt nivå i Finland og Sovjet og gikk også dermed helt utenom spørsmålet som jo var: Norges utenrikspolitikk i dag. Dette bevirket at frk. Solberg Langhelle tok ordet og sa: Det er jo utenrikspolitikken som skal behandles her og ikke slike småligheter som det vi har hørt fra mange debattanter, det passer dårlig for en voksen forsamling. (Bifall).

For svrig hadde arkitekt Thills, Rønneberg, Thamsen Lyche, student Krogstad, kaptein Amland, student Knudsen og lektor Sten ordet.